



Hilleren Prosjektering AS
Skulebakken 2-4
5355 KNARREVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/336 - 18/26940

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
04.09.2018

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 84/26 Kvalvågnes

Saka gjeld klage på avslag på søknad om oppføring av annekst på fritidseigedom på gbnr 84/26 Kvalvågnes. Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 29.08.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

«Lindås kommune sitt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av annekst til fritidsbustad på gbnr 84/26 datert 04.05.2018 vert oppheva. Klagen vert tatt til følgje, og det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden og plan og bygninglovens §1-8 for oppføring av annekst til fritidsbustad, som plassert i situasjonsplan vedlagt klage datert 25.05.2018.

Grunngjeving:

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verna om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halda ho fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser.

PMU vurderer at omsyna bak både LNF-føremålet og byggjeforbodet i 100-metersbeltet er ivaretatt i denne saka. Slik tiltaket er søkt plassert vil det være lite synlig fra sjøen. PMU vurderer at denne tomta har særskilte kvaliteter med berghammer i bakkant og forhøyning mot sjø som gjer at oppføring av annekst ikkje vil påverka naturopplevsar frå sjøen. Området er allerede bebygget med fleire hytter og naust, og tiltaket vil således ikkje føra til auka privatisering. Tiltaket vil også få ein naturleg plassering i forhold til allerede etablerte tiltak i området. Ut frå ei samla vurdering ser PMU at fordelane er klart større enn ulempene ved å gje dispensasjon.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering i eiga oversending.

Med helsing

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av anneks til fritidsbustad - gbnr 84/26 Kvalvågnes

Kopi til:

Rune Vedeler	Medhaugen 5 D	5174	MATHOPEN
--------------	---------------	------	----------

Mottakarar:

Hilleren Prosjektering AS	Skulebakken 2-4	5355	KNARREVIK
---------------------------	-----------------	------	-----------